

Utkast til høringsbrev:

Styret ved Høgskulen i Volda ønskjer at ein på møte i mars 2017 skal fatte vedtak om kva styringsmodell ein skal ha ved Høgskulen i Volda. Spørsmålet kom i opp i det direktør gjorde det kjend at han går av med alderspensjon juni 2017.

Stortingets fleirtal la til grunn at institusjonar som ønsker å vidareføre sin eksisterande styringsordning kan gjere dette utan å foreta noko eige vedtak om dette. Det ein skal fatte vedtak om blir då om ein skal ha tilsett rektor ved HVO.

Det har tradisjonelt vore to ulike styringsformer ved universitet og høgskular i Norge, vald rektor eller tilsett rektor med dei følgjane dette får.

Alternativa har vore sidestilt i Universitets- og høgskoleloven (UHL). Våren 2016 vart lova endra. Tilsett rektor vart hovudregelen og vald rektor vart unntaket.

Høgskulen i Volda har tatt utgangspunkt i korleis prosessen kring styringsmodell har vore gjort ved andre høgskular og universitet. Ved dei fleste institusjonar tok ein prosessen når høringsbrevet om lovendring kom frå departementet. På grunn av kort høringsfrist og ein sommarferie midt i fristen, vart det ikkje nokon prosess ved Høgskulen i Volda då.

Ved dei andre institusjonane har ein brukt høringsnotatet frå departementet som grunnlag for diskusjonane og vurderingane. Sidan fleire har hatt styringsmodell som styresaker siste tida og debatten er sentral i sektoren, har vi forsøkt å samle argumenta som er brukt for og mot i eit vurderingsgrunnlag. Dette ligg vedlagt.

I tillegg har vi lagt ved dokumentet «leiing, organisering og styring», her har vi forsøkt å forklare korleis ansvar og mynde er fordelt ved Høgskulen i Volda. Blant anna korleis direktør, rektor og prorektor har fordelt arbeidsoppgåver.

Vurderingsgrunnlaget med vedlegg vert sendt til alle avdelingane, avdelingsråd, tillitsvalde, administrative leiarar og studentrepresentantar.

Det vi ønskjer tilbakemelding på er:

- 1) Ved HVO er ein er godt kjend med vald leiing, ein ønskjer at de kjem med vurdering/tilbakemelding på fordeler og ulemper med dagens modell.
- 2) Vi ønskjer og vurdering/tilbakemelding på fordeler og ulemper ved tilsett rektor
- 3) Eit sentralt spørsmål i vurderinga er om ein kan oppnå fordeler/forbetringar ved bytte av styringsmodell, eller om det er betre å oppretthalde dagens modell ved val.
- 4) Vi ønskjer tilbakemelding på/tankar om innføring av tilsett rektor vil føre til at administrativ leiing og dagleg drift blir prioritert framfor fagleg leiing, eller omvendt.
- 5) Vi ønskjer vurderingar om kva endringar eit skifte av styringsmodell vil føre til i organisasjonen. Her kan dokumentet «Leiing, organisering og styring» vere til hjelp.

- 6) Vi ber om at ein foreslår den modellen ein vurderer som best for HVO i dagens situasjon og i overskueleg framtid. Dersom det er usemje, må dette kome fram og ein foreslår ikkje noko samla. Vurderingane som ligg bak og kva usemja bygger på må kome fram.

Frist for å kome med merknader er **20. februar 2017**. Merknader skal sendast til høgskuledirektør. Når vi har fått alle merknader vil vi fullføre styresaka på bakgrunn av innspela vi får.

Som ein del av prosessen ønskjer vi å invitere til eit allmøte om saka. Dette vil skje torsdag 1. februar 2016 kl. 12 - 15. Vi har invitert professor i offentleg rett Jan Frithjof Bernt, som skal forklare og avklare roller og ansvar ved dei to ulike modellane. I tillegg kjem rektor Rasmus Stokke som er tilsett rektor ved Høgskulen i Sogn og Fjordane, han skal informere om ordninga med tilsett rektor.

Vurderingsgrunnlag og alle innspel vil vere vedlegg til styresaka. Saka med vedlegg offentleg. Styresaka er planlagt å vere ferdig onsdag 1. mars